

# Årsmelding 2024 - Giske kontrollutval

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar monalege ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen, medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve

## Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap og operative kontrollorgan. Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda.

For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Giske kontrollutval for perioden 2024-2027 har slik samansetning:

| Faste medlemmer             | Varamedlemmer (numerisk rekkjefølgje) |
|-----------------------------|---------------------------------------|
| Kåre Harald Sæter - leiar   | 1. Otto Stornes                       |
| Anne lise Roald - nestleiar | 2. Inger Johanne Sund                 |
| Stig Gjethammer             | 3. Steinar Holm                       |
| Gunnar Morsund              | 4. Knut Støbakk                       |
| Lillian Skarmyr Olsen       | 5. Hanne Roaldsnes                    |


## Om revisjonen

Giske kommunestyre har valt eigenrevisjon som si revisjonsordning og Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor.

Møre og Romsdal Revisjon SA leverer revisjonstenester på bestilling frå kontrollutvalet og slik lov og forskrift tilseier. Kontrollutvalet har ei påsjå-rolle for å sikre at kommunen vert revidert på ein forsvarleg måte.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre kontrollhandlingar som er bestemt i lov og forskrift. Revisjonen skal mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjonar.

Oppdragsansvarleg revisorar har i tråd med regelverket, lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende knytt til utførte revisjonsoppdrag. Revisjonen er til stades i dei fleste møta i kontrollutvalet og slik legg ein til rette for ein god dialog.



### Om sekretariatstenesta

Giske kommunestyre nyttar Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS som sitt sekretariat for kontrollutvalet, og kommunen er medeigar i dette selskapet.

Etter kommunelova skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er den viktigaste hjelparen til kontrollutvalet og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylle kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at både sekretariat og revisjon kan vere ein fagleg ressurs og ein fagleg diskusjonspartnar. Sekretariatsrådgivarane skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet, er forsvarleg førebudde og utgreidde, og at vedtak vert fylgt opp. På same måten som kommunedirektøren skal sikre forsvarleg saksførebuing og vedtaksoppfølging for kommunestyret og andre folkevalde organ.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet som eit offentleg organ, og ha eit arkiv som tilfredsstillar krav i arkivlova med forskrifter. Sekretariatsrådgivaren førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

### Kontrollutvalet sin aktivitet i 2024:

Giske kontrollutval har i 2024 (tal for 2023 i parentes) hatt 5 (5) møter, og handsama 29 (26) saker.

Innkalling med saksdokument vert gjort tilgjengeleg for utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har blitt sendt til medlemmane, ordførar, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta vert lagt ut på kontrollutvalssekretariatet si heimeside [www.kontrollutval.no/giske](http://www.kontrollutval.no/giske).

Dessverre så er ikkje datoane for kontrollutvalet sine møter er tilgjengeleg i kommunen sin ordinære møtekalender for folkevalde organ. Det bør vi få løyst, i det minste med ei lenkje

frå denne og til kontrollutvalet si heimeside. Det hadde gjort kontrollutvalet sitt arbeid meir tilgjengeleg og kjent for innbyggjarar, folkevalde og administrasjon.

Leiar i kontrollutvalet og ein av medlemmane har sete i Giske kommunestyre. Når det er noko kontrollutvalet særskilt ynskjer å gjere kommunestyret merksam på, nyttar leiar taleretten sin til å presentere det for kommunestyret.

Dei sakene der kontrollutvalet etter lov og forskrift skal kome med tilråding til kommunestyret, har vorte oversendt som eiga sak med oppmoding om at dei vert lagt fram for kommunestyret utan ugrunna opphald.

#### Økonomiforvaltning og rekneskapsrevisjon:

På vegne av kommunestyret skal utvalet kontrollere om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak.

Utvalet får fortløpande informasjon frå revisor, gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding.

Revisor gjennomførte dette året ein forenkla etterlevingskontroll av om reglar og vedtak innan området attestasjons- og tilvising vert etterlevd. Med bakgrunn i dei handlingane revisor utførte og innhenta dokumentasjon, fann ikkje revisor noko som gav grunn til bekymring.

Årsrekneskap og årsmelding for 2023 vart levert innan dei fristar kommunelova set. Kontrollutvalet gav sin uttale til årsrekneskap og årsmeldinga 23.05.2023. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding frå kommunedirektør og revisjonsmelding frå revisor, samt den informasjon kontrollutvalet har fått frå revisor gjennom heile årsrevisjonen. Kontrollutvalet uttalte at dei ikkje hadde merknader til årsrekneskap og årsmelding 2023. Uttalen vart sendt til formannskap og kommunestyre. Kontrollutvalet skal, jf. kommunelova § 14-3, 3.ledd, uttale seg til kommunestyret om årsrekneskap og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak.

I revisor sin rapport etter årsoppgjeret for 2023, peikar revisor på nokre forhold til forbetring og læring. Desse forholda er ikkje så vesentlege at revisor fann grunn til å ta atterhald i revisjonsmeldinga. Funna og tilrådingane er gjort kjent for kommunedirektøren av revisor, og dei kan vere ei hjelp til forbetring og læring inn i nytt rekneskapsår.

Revisor sine funn og tilrådingar i årsoppgjersrapporten var ikkje så vesentlege at revisor fann grunn til å ta atterhald i revisjonsmeldinga. Funna og tilrådingane er gjort kjent for kommunedirektøren fordi dei kan vere ei hjelp til forbetring og læring inn i nytt rekneskapsår.


## Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

To av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet er å sørge for at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og i selskapa kommunen eig, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollerte gjennom ein eigarskapskontroll.

Kontrollutvalet skal i kvar periode utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll. For å utarbeide gode planar som får fram kva område som bør kontrollerast, stiller kommunelova krav om at det blir gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering av verksemda til kommunen og selskapa til kommunen. I samband med denne prosessen inviterte kontrollutvalet til eit arbeidsmøte i april. Ordførar, varaordførar, medlemmer frå livsløp og frå teknisk, kommunedirektøren, kommunalsjefar, revisorar og kontrollutval tok for seg ulike tenesteområde og formålet var å innhente informasjon for å kartlegge kor det er risikoområder. Revisjonen tok så med det som kom fram i møtet, inn i det vidare arbeidet med ei analyse av risiko- og vesentlegheit.

Med bakgrunn i analysen som revisjonen leverte, utarbeidde kontrollutvalet ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for eigarskapskontroll.

Illustrasjonen under visualiserer prosessen frå risiko- og vesentlegvurdering til forvaltningsrevisjonen er gjennomført og avslutta.



I tråd med kontrollutvalet si tilråding vedtok kommunestyret plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 i sitt møte 26.09.2024, og plan for eigarskapskontroll 2024-2027 i kommunestyremøtet 10.12.2024.

## Andre saker

Undersøking: I arbeidet med forslag til plan for forvaltningsrevisjon, valte kontrollutvalet å bestille ei undersøking av byggesaksforvaltninga. Undersøking er ei mindre omfattande og ressurskrevjande kontrollhandling enn det ein forvaltningsrevisjon, med sine krav til å følgje fastsette revisjonsstandardar, er. Rapporten frå denne undersøkinga vil bli ferdig og behandla i slutten av mars 2025.

Førespurnader til kontrollutvalet: Kontrollutvalet mottek frå tid til anna førespurnader frå innbyggjarar, politikarar eller næringsliv, om å sjå på ei bestemt sak.

Kontrollutvalet er kommunestyret sitt kontrollorgan, og har berre plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller som går fram av forskrift om kontrollutval og revisjon. Når det gjeld førespurnader frå andre, må kontrollutvalet sjølve vurdere kva dei skal prioritere å bruke ressursar på. Som hovudregel er det utanfor kontrollutvalet sitt mandat å behandle klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a. Dette kan nok skuffe den som tar kontakt, men kontrollutvalet sitt fokus er systemkontroll. Det er andre organ som skal handsame klager eller gjer lovlegkontroll av vedtak.

Som hjelp til å vurdere førespurnaden, er har FKT utarbeidd ein trafikklysmoell som er eit godt verktøy for kontrollutvalet. (vedlegg 1)

## Kontrollfaget

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling, og det er mange områder ein bør kjenne til. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet bør tileigne seg kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å følgje med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og oppdatering.

Dei fire kontrollutvalssekretariata i Møre og Romsdal arrangerte i januar ein felles opplæringsdag for nye kontrollutval i kommunane våre. Heile Giske kontrollutval deltok, og gav utrykk for å ha stort utbytte av denne dagen.

På nasjonalt plan er det to organisasjonar som arrangerer faglege samlingar og bidreg til kompetansepåfyll for kontrollutval, for revisjon og for sekretariat. Det er Forum for kontroll og tilsyn (FKT) og NKRF - kontroll og revisjon (tidlegare Norges kommunerevisorforbund). Det er viktig for kontrollutvalet å møte andre som er opptatt av kontrollarbeid i kommunane, få fagleg påfyll og utveksle erfaringar.

Giske kontrollutval deltok med nokre av medlemmane på NKRF sin kontrollutvalskonferanse i januar. På Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse for kontrollutval i juni var det ingen frå Giske kontrollutval som hadde høve til å delta dette året.

## Til slutt

Giske kontrollutval vil, som kommunestyret sitt eige kontrollorgan, gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn i den kommunale verksemda.

| <b>Sentrale spørsmål – «Trafikklysmodellen»</b><br>Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen. | Ja    | Delvis | Nei   | Ukjent |
|---|-------|--------|-------|--------|
| Vedrører henvendelsen misnøye med et politiskfattet vedtak?   | Rødt  | Gult   | Grønt | Grått  |
| Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?   | Rødt  | Gult   | Grønt | Grått  |
| Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?  | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |
| Viser henvendelsen til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?   | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |
| Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse?  | Rødt  | Gult   | Grønt | Grått  |
| Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?   | Rødt  | Gult   | Grønt | Grått  |
| Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?   | Rødt  | Gult   | Grønt | Grått  |
| Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?  | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |
| Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?  | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |
| Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?  | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |
| Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?  | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |
| Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?  | Grønt | Gult   | Rødt  | Grått  |

Tabell 1 Kilde: Deloitte AS